



Like over nyttår startar neste byggjesteget i kloakksaneringa. Hit til Børnes skal kloakken frå dei sentrale delane av bygda pumpast. (Foto:Ola Matti Mathisen)

Rør Dykk i Hagavik og Dale Entreprenør i Dale vil få kontraktane for det neste byggjesteget for saneringa av kloakken i Uskedalen. Rør Dykk får leggjinga av sjøleidningane og Dale Entreprenør grunn- og leidningsarbeidene på land. Tilbodssummane er 1.390.849 kroner for Rør Dykk og 1.977.927 for Dale Entreprenør.

Om begge firma seier konsulenten Asplan Viak at dei har levert dei mest fordelaktige tilboda med omsyn til pris og framdrift. Dei to lågaste tilbydarane i begge kategoriar har vore innkalt til avklaringsmøter.

For sjøleidningane vart det sendt ut tilbodsdocument til 4 tilbydarar og alle kom med tilbod innan fristen. Dei var Rør Dykk, Scan Dykk, Hordaland Aquatech og IMC Diving. Rør Dykk og IMC Diving vart innkalt til avklaringsmøte. Tilbodet frå IMC Diving var på 1.484.450 kroner. Begge firma som var med i "finalen" opererte med ei byggjetid på 30 dagar.

For grunn- og leidningsarbeidene på land var det tre firma som la inn tilbod. I tillegg til Dale Entreprenør var det Mesta Drift og G. Røsseland Entreprenørforretning på Husnes. Dale og Røsseland vart innkalt til avklaringsmøte. Røsselands tilbod var på 1.994.335 kroner. Dale opererer med ei byggjetid på 65 dagar medan byggjetida til Røsseland var oppgitt til 130 dagar.

Av Ola Matti Mathisen